


Stortare - havets tropiske regnskog

Produksjonen i ein tareskog er svært høg og er på nivå med produksjonen i ein tropisk regnskog eller ein kveiteåker. I den typiske tareskogen dominerer stortaren og dannar ein naturtype som dekkar om lag 5.000 kvadratkilometer langs norskekysten. I tillegg er det eit om lag like stort areal der stortaren ikkje dominerer, men veks saman med andre store algeartar. Samla veks det algar på eit område som tilsvarar det norske jordbruksarealet som er på i underkant av 11.000 kvadratkilometer.

Tareskogen i havet har nokre av dei same kjenne-teikna som den tropiske regnskogen på land. Stortaren har hovudrollen som primærprodusent og omdannar næringsstoff og andre stoff i dette kystøkosystemet. Som i den tropiske regnskogen er mangfaldet svært stort. Mange andre mindre algeartar veks på stortarestilkane. I tareskogen er det eit utal artar blautdyr. Dei fastsitjande artane brukar tarestilkane og festeorgana som veksestad. Frittlevande blautdyr finst både på stilkane, på festeorgana og i algane som veks på tarestilkane.



Sneglen Lacuna vineta er blant de få artene som beiter direkte på stortaren. Bildet viser også eggkapsler.
Foto: Jan Helge Fosså.


Viktig oppvekstområde

For fisk har tareskogen mange funksjonar: Yngle- og oppvekstområde, gøymestad og beiteplass. Ikkje minst reknar ein at blautdyra i tareskogen er viktige på menyen til fisk, krabbe og hummar. Nokre fugleartar brukar tareskogen som matplass.

Drøbak-kråkebollen (*Strongylocentrotus droe-bachiensis*) er ein nøkkelart i høve til utbreiinga av stortare. Der denne kråkebollen finst i store mengder er tareskogen hardt beita. Mykje tyder på at kring halvparten av stortareskogen i dei tre nordlegaste fylka er nedbeita. Så lenge det ikkje er kjent kva som fører til den store auken i kråkebollar med påfylgjande nedbeiting, må også tareskogen i Sør-Noreg reknast som truga av nedbeiting.

Hausting og utnytting av tare

Mykje tyder på at folket i Noreg har utnytta tang og tare heilt sidan landet vart busett. Den dag i dag vert store mengder brukt til gjødsel og fôrtilsetjing. Tarebrenning i førre hundreåret og



*Nakensneglen er vanlig i tareskogen, og beiter på mosdyret Membranipora membranacea.
Foto: A. Woll.*

fram til siste krig gav verdfullt råstoff i glas- og seinare jodproduksjon. Dei siste tiåra har taren vorte råstoff for alginat, eit polysakkarid, som vert brukt på mange område i næringsmiddel, legemiddel og biomedisin. Dei siste åra har produksjonen av alginat kome opp i 6.500 tonn.

Den mekaniserte haustinga av stortare, eller taretrålinga, tok til i 1964. Her i landet har haustinga av stortare auka frå vel 20.000 tonn våtvekt i 1973 til om lag 165.000 tonn dei siste åra. Noreg er det einaste landet som driv med taretråling i stort omfang. Trålinga føregår stort sett heile året langs kysten i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Fiskeridirektoratet forvaltar tang- og tareresursane. Kystområda i kvart fylke er inndelt i trålfelt som kan haustast kvart femte år.

Forsking på økologisk samanheng

Så langt ser det ikkje ut til at haustinga går ut over ressursgrunnlaget. Dei økologiske effektane av stortaretrålinga er usikker, og for tida er det i gang

fleire forskingsprosjekt i regi av programmet "Marine ressurser og miljø" under Norges forskingsråd.

Kystfiskarar har hevda at taretråling kan føra til at fisken forsvinn frå fiskeplassane. Ved Havforskningsinstituttet undersøkte ein om fjerning av stortareskogen verkar på fordelinga og aktiviteten til ulike fiskeartar. Fordelinga av fisk og deira bruk av tareskogen vert sett på i samanheng med fordelinga av tare og smådyr som veks på tarestilkane.

Resultata viste at taretråling har liten effekt på kor tett fisken står og korleis den fordeler seg i sjøen. Totalt sett sto leppefisk og torskefisk like tett i området det var trålt i som i området med intakt tareskog. Trålinga viste seg imidlertid å ha ein viss negativ effekt på forekomstane av ikkje-stimgåande torskefisk. Denne sto ikkje så tett i det trålte området som i området med tareskog.

Dei virvellause botndyra ser ut til å rekolonisera seg godt i trålt tareskog. Det er difor lite truleg at taretrålinga verkar negativt på artsmangfaldet i tareskogen, berre ikkje store areal vert snaurålte.

Kontaktperson: Jan Helge Fosså, Senter for marint miljø, Havforskningsinstituttet, postboks 1870 Nordnes, N-5817 Bergen. Tel: +47 55 23 85 00. Faks +47 55 23 85 84.
E-post: Jan.Helge.Fossaa@imr.no

Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>